

Norm for reglar for søndagsskular og barnegrupper i Søndagsskolen Norge

§ 1 NAMN OG MÅLGRUPPE

Namn på søndagsskulen/barnegruppa:

(heretter kalla «Gruppa»), er innmeldt i Søndagsskolen Norge, og arbeider i

(NN)(kyrkjelyd/forsamling, bydel/bygd)

§ 2 GRUNNLAG OG VISJON

For grupper med luthersk tilhørrelse:

§ 2 GRUNNLAG OG VISJON

Gruppa deler Søndagsskolen Norge sin visjon:

- «Sammen inviterer vi alle barn inn i bibelfortellingene».

Dette skjer i truskap mot Bibelen, og den evangelisk-lutherske vedkjenning.

Gruppa har forståing for at Søndagsskolen Norge sine grunnreglar har ein evangelisk-luthersk basis.

For grupper med ikkje-luthersk tilhørrelse:

§ 2 GRUNNLAG OG VISJON

Gruppa deler Søndagsskolen Norge sin visjon:

- «Sammen inviterer vi alle barn inn i bibelfortellingene».

Dette skjer i truskap mot Bibelen, og i respekt for den evangelisk-lutherske

vedkjenning. Gruppa har forståing for at Søndagsskolen Norge sine grunnreglar har ein evangelisk-luthersk basis.

§ 3 FORMÅL

Søndagsskolen Norge sitt formål er:

- «Søndagsskolen Norge startar og styrker søndagsskolar og andre grupper kor barn blir kjent med sentrale bibelforteljingar, gis rom for å få ein nær relasjon til den treeinige Gud og får hjelp til å eie ei bærekraftig kristen tro.»

Dette arbeider Gruppa for å oppnå gjennom:

- å styrkje barna si tru, særleg ved hjelp av bibelforteljingar, undring og bøn.
- å hjelpe barna til nærare kjennskap til den treeinige Gud og til etterfølging av Jesus.
- å byggje eit kristent fellesskap saman med barna.
- å leggje til rette for at barna kan bli ein del av den lokale kyrkjelyden/ forsamlinga.

§ 4 MEDLEMSKAP

Barn og leiarar som er registrerte i Gruppa sitt medlemsregister er medlemmer.

Barn og leiarar skal registrerast med fullt namn, adresse og fødselsår i det gjeldande systemet for medlemsregistrering.

Barn og leiarar under 26 år som har betalt gyldig kontingent er grunnlag for økonomisk støtte frå offentlege styresmakter via Søndagsskolen Norge.

Medlemmer som er fylt 12 år skal takast med på råd der det er naturleg, i Gruppa sitt arbeid.

§ 5 TILHØYRSEL

Som innmeldt i Søndagsskolen Norge arbeider Grappa etter grunnreglane, generalforsamlinga sitt vedtak og retningslinjer gitt av landsstyret. (jf. Grunnreglar § 1.5).

§ 6 LEIING AV GRUPPA

- Leiarar i Grappa skal arbeide i samsvar med Grappa sitt formål og gruppa sine reglar.
- Grappa skal ha ein hovudleiar.
- Hovudleiar har ansvar for:
 - kontakt med Søndagsskolen Norge
 - at Grappa har bibel- og trusformidling
 - å informere foresatte om medlemskap
 - innlevering av årsrapport
 - at det blir ført rekneskap
 - at alle leiarar har framvist politiattest
- Hovudleiar kan delegere oppgåver innanfor alle område til sine medleiarar, med unntak av innlevering av årsrapport.
- Grappa har rett til å sende representantar til generalforsamlinga i Søndagsskolen Norge. Representasjon skjer i samsvar med gjeldande reglar.

§ 7 VAL AV STYRE

Har Grappa 4 eller fleire medlemmer over 15 år, skal det veljast eit styre blant Grappa sine medlemmer.

Alle medlemmer som har fylt 12 år, har tale- og røysterrett. Alle over 12 år skal takast med på råd der det er naturleg.

§ 8 OPPHØYR/UTMELDING

- Dersom verksemda opphøyrer, melder Grappa frå til Søndagsskolen Norge.
- Ubrukte Frifondmidlar skal betalast tilbake til Søndagsskolen Norge.
- Eigendelar/oppsparte middel vidareførast til Søndagsskolen Norge.

§ 9 ENDRING AV REGLANE

Grappa sine reglar kan endrast med tilslutning av 2/3 av røysteføre medlemmar. Endringar kan ikkje stride imot grunnreglane for Søndagsskolen Norge. § 2 kan ikkje endrast.